



Dagleg leiar Marit Hjørnevåg vert tildelt gull- og sølvmedalje av Fiskeri- og Matministeren.

Hjørnevåg vart i går tildelt gull og sølv for to av sine sjømatprodukt. Hjørnevåg kan sidan 2001 syna til gode plasseringar i NM i Sjømatprodukter. I 2013 fekk dei 1. plass for fiskepuddingen sin. No gjentek dei suksessen med ny gullmedalje for det same produktet. Verksemda fekk også sølv for ost- og baconburger. Hjørnevåg er tidlegare også tildelt mange 2. og 3. plassar i klassen for fiskekaker og fiskeburger.

Uskedalen.no har vore i kontakt med dagleg leiar, Marit Hjørnevåg, frå tildelinga under Matstreif i Oslo. Marit Hjørnevåg, er godt nøgd med tildelinga og skriv i ei helsing til Uskedalen.no:

Hjørnevåg er i dag stolt vinnar av gull for fiskepudding og sølv for ost og baconburger under NM I

Sjømaprodukter. Brødrene Hjørnevåg AS har sidan 1948 produsert fiskemat. Resepten på fiskepudding er nesten lik som Henrik Hjørnevåg laga dei for 70 år sidan. Det er utruleg kjekt at bedrifta hevdar seg på nasjonalt nivå. Dette er vi svært glade og fornøyde med. Dette gir inspirasjon til vidare arbeid med at fleire får smaken på Hjørnevåg produkt.

Uskedalen.no. helsar Br. Hjørnevåg AS lukka til med tildelinga og ser fram til mange gode og velsmakande produkt i åra framover.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Hjørnevåg